



Ungdomsleiar Geir Remme satsar på datatilbod i ungdomsklubben. Her står han ved inngangen til klubben, som er på baksida av Gamleskulen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ungdomsleiar Geir Remme har no søkt Ungdommens kommunestyre om ein kommunal støtte på 10.000 kroner til kjøp av to stasjonære pc-ar og Playstation 3 med eitpar spell til Zacko.

Zacko er Uskedalen Ungdomsklubb, som held til på loftet i Gamleskulen og så langt har hatt treff på onsdagane. No er det ein ny sesong og det trengs nye tilbod for å gjera ungdommane meir interesserte. Den kommunale ungdomsklubben er for ungdom frå åttande klasse og oppover og Remme reknar med 15-20 aktive medlemmer.

Remme reknar med ei utgift på 25.000. Då satser han på 10.000 i tilskot frå Uskedalen Utvikling og 5.000 frå 2008-budsjettet i kommunen.

Ungdomsleiaren understreker at dei no treng aktivitetar i klubben etter 10 år med oppussing av lokala. Dei har tidlegare ikkje hatt økonomi til å kjøpe noko utstyr. "Internmidlane" på 12.000 kroner i året har vore nytta til isolering og oppussing av lokala siden hausten 1996. Datamaskinane skal koblast opp til kommunen sitt nettverk slik at dei får internett-tikobling i ungdomsklubben.

Av Ola Matti Mathisen